

BOKN BYGDABLAD

NR. 7 - SEPTEMBER 1996 - ÅRG. 11


UTGJEVAR.: BOKN KOMMUNE

SØNDAGSTUR TIL FORTIDA 25.8.96

Det største prosjektet i Bokn på lenge er historie. Me var uheldige og traff på ein av dei få regndagane i august, og når Haugesunds Avis slo til med ein skikkeleg trykkfeil i storannonsa dagen før vedr. klokkeslettet, var ikkje utgangspunktet for publikumsrekord det beste. Likevel er me godt nøgde med resultatet, både i kommunen og ved Arkeologisk museum i Stavanger (AmS). Mange av dei 7-800 som deltok på søndagsturen var boknarar, og det set me stor pris på! AmS fortel også at mykje av intensjonen bak prosjektet er at innbyggjarane skal få meir kunnskap om heimkommunen sin.

Bussturane blei ein suksess! Misforståelsar mellom kommunen og Haugaland bilag førte til at nokre bussar blei forsinka i tilbringartenesta. Her må ein retta ein stor takk til John Magne Lie, Odd Grønnestad og Kjell Frode Lie for framifrå evne til improvisasjon og organisering! Det blei solgt 150 billetter (barn gjekk gratis), og denne dagen var det mange som besøkte ulike ser-

verdigheter i kommunen. Mest populære var rutene til Loden og Boknafjellet, men frå alle bussane kom der skryt og ikkje minst undringar over kor stort og flott det er i Bokn! Me snakka også med «ekta» boknarar som på bussturane hadde fått veta mykje om heimkommunen som dei ikkje ante noko om.....! Bokn ride- og køyreklubb er også godt nøgde med



Gullspenne laget en gang på 900-tallet e.Kr. Framsiden er rikt dekorert i en av vikingtidens karakteristiske stiler kalt Borrestil etter et gravfunn fra Borre i Vestfold. Funnet på garden Nedrabø på Austre Bokn i Bokn kommune. Foto: Terje Tveit.

SØNDAGSTUR,... framh.

stasjonane. Verst gjekk det ut over Arsvågen der det viste seg at publikum ville tilbake til Peraliå igjen etter ein rundtur med buss, og dei harde tal viste 8 - 10.000,- i minus.

Som det går fram av denne artikkelen er resultatata frå dagen for dei ulike samarbeids-partnarane svært forskjellige, og mange er nøgde mens mange er skuffa.

Det står stor respekt av den enorme innsatsen som blei lagt ned av mange boknarar i forkant av og på sjølve 25. august, og kommunen ved prosjekt-gruppa er svært takknemlege! Ein spesiell takk til grunneigarane Jens Morten Vatnaland, Jostein Laupland, Magnus Vågshaug og Dagfinn Jørgensen for at me kunne gjennomføra arrangementet der det var ynskjeleg.

Som venta gjekk det unna på myntpregingsstasjonen, og fleire boknarar sikra seg «kopi» av sølvskatten i Straumen samstundes som det var eit fint minne frå denne dagen. Me håpar på no i etterkant å skaffa oss tilstrekkeleg med myntar slik at alle funksjonerar frå arrangementet kan få kvar sin.

Det vanka mykje skryt frå både presse og publikum for tilretteleggjing og gjennomføring av arrangementet. Men me skal bli enno betre til store framtidige hendingar, og prosjektgruppa vil ta initiativ til ein samling med m.a. evaluering av 25. august og tida før.

dagen. Dei mange hestane gjekk kontinuerleg, til stor glede for både barn og vaksne, og det passa også så godt med hestar i Peraliå denne ettermiddagen. Den nystarta ride- og køyreklubben fekk med dette ein del pengar i kassa si.

Trass i at været ikkje var heilt topp i byrjinga av arrangementet var det to puljer med folk som gjekk til Oksebåsen. Det blei vist stor interesse for området, og der kom også fram ein ny og svært truverdig versjon av kvifor det heiter Oksebåsen. Denne blir overlevert bygdebokforfattar Birger Lindanger.

Urtegruppa er heller ikkje misnøgde med stasjonen sin. Dei kunne ynskja seg fleire folk, men det var ein del som stoppa opp og fekk informasjon og smaksprøvar i alt frå urter til aromaterapi. Klokkelynghonningen til Sigurd Johnny Svendsen blei som venta utseld før arrangementet var slutt.

Men ikkje alle lag og organisasjonar som var med og gjorde ein kjempejobb fekk løn for strevet i form av klingande mynt i kassa. Desverre førte publikumssvikt til at m.a. Bokn idrettslag og Bokn sanitetsforening ikkje kan seia seg nøgde med resultatet. Heller ikkje dei flotte koldtborda med havets delikatesser i Arsvågen og Alvestadkroken fekk publikumsrespons. Busspassasjerane gjekk ikkje av slik me håpa på desse

Gammalt or Bokn

Det er ei stund til jul 1998 då bygdeboka skal liggja under juletréet, og då ville det kanskje vera fint med ein liten forsmak på bygdeboka. **Gammalt or Bokn** blei gitt ut i 1990, og mange har nok dette 85 siders heftet. Det kjem stadig spørsmål omkring både heftet og bygdeboka, og **Gammalt or Bokn** blir trykt opp og er til sals for kr. 50,-

For dei som ikkje kjenner til dette heftet, kan ein fortelja at det inneheld interessante oversiktsartiklar, gardshistoriar og artiklar skrivne om Bokn og boknarar av Birger Lindanger, Svein Ivar Langhelle, Torkell Mauland og Elisæus Vatnaland.

Til slutt vil ein nemna at det er meir igjen av dei flotte plakatane frå «Søndagstur til fortida» som blei solgt i Peraliå. Viss du vil sikra deg ein slik plakat utan merke etter oppheng, kan du også få den for kr. 50,-.

For bestilling av **frå haug ok heidni**, **Gammalt or Bokn** eller plakat til innramming, ta kontakt med kulturkontoret.

NB! Det har kome inn ei kvit strikkjakke samt eit regnsett, storleik 8 - 10 år etter søndagsturen. Klærne blei funne i Peraliå, og er på kulturkontoret.

For prosjektgruppa, Jardar Havikbotn

frå haug ok heidni

Ei spesialutgåve av dette tidsskriftet for Rogalands arkeologiske forening er no gitt ut. Dette bladet som er nr. 3 1996 og gitt ut med støtte frå Bokn kommune, heiter «Bokn kommune, Arkeologi - naturhistorie - kulturhistorie». Dette 60 siders tidsskriftet som berre handlar om Bokn, er fullt av interessante artiklar som igjen er illustrerte med nydelige bilete - både i fargar og eldre bilete i svart/kvitt, og det er neste like mange bilete i heftet som det er sider. Dette gjer m.a. sitt til at heftet blir luftig og lett å lesa.

Her finn du artiklar som har stått på trykk før, men mest av heilt nytt stoff. Av lokale forfattarar kan nemnast Birger Lindanger, Svein Ivar Langhelle, Sigvart Våga, Olaug Askeland, Ove Kambestad og Dag Brynjelsen. Redaktøren har gjort ein kjempejobb med å setja saman det interessante stoffet til eit fantastisk hefte som er av uvurderleg verdi for Bokn! Dette heftet er glimrande til m.a. markedsføring av kommunen, til skulen, til fastbuande og utflytta boknararar og mykje meir.

Kommunen har etter avtale med AmS mottatt 600 hefte, og du kan kjøpa eit eller fleire ved å ta kontakt. Prisen på denne spesialutgåva er kr. 50,- pr. stk. Me sender gjerne pr. brev. Berre ta ein tlf. for å sikra deg denne unike litteraturen om Bokn.

TRIVELEGE DAGAR PÅ

Norway Cup



MED FLY

Om alle hadde reist med fly før, skal vera usagt, men i alle fall var det ein gjeng med forventningsfulle fotballgutar og jenter pluss leiarar som sto i avgangshallen på Helganes laurdag den 27. juli og venta på at flyavgang til Oslo skulle ropast opp.

Det var det 13 personar frå Bokn som reiste til Oslo i denne gruppa. Av desse var 4 leiarar/foreldre. Me budde alle på Ulsrud vidaregående skole kor me hadde fått tildelt eit klasserom. For ein del av oss var det ein brå overgang frå gode madrassar heime til tynne liggeunderlag direkte på golvet.

PÅ EKEBERGSLETTA

Sjølve Norway Cup turneringa foregår hovudsakeleg på Ekeberg. Me måtte ta både bane og buss for å koma frå skulen til Ekeberg. Fokost hadde me på skulen, mens lunsj og middag blei inntatt i den store Ekeberghallen.

Norway Cup er verdas største fotballturnering med 25.000

menneske i sving. I år var det med 1.306 fotballag. Neste år har Norway Cup 25 års jubileum.

VINN ELLER FORSVINN

7-er Lillegutt-laget frå Bokn hadde ei fin veke på Norway Cup frå 27.juli til 3.august.

Resultatmessig vann dei berre ein av fire kampar, men faktisk vann dei mot det beste laget i si gruppe, og vart nr. 4 av dei 5 laga. Dermed gjekk dei ikkje vidare i cupen.

Sjolv om boknalaget ikkje gjorde det så godt som dei håpa på førehand, kan me jo skulda litt på at heile laget ikkje var med til Oslo. Men i fotball skal ein også læra å ta eit tap og to. Og dette laget er ikkje så vane med å tapa, for dei leier serien i si gruppe. Men berre det å oppleva ei veke i Oslo under denne store turneringa var nok kjempekjekt for alle.

NORGE-LIVERPOOL

Eitt av høgdepunkta i Oslo var nok onsdagskvelden på Ullevaal stadion kor me såg kampen Norge-Liverpool, der Norge vann på straffesparkkonkurransen. Me var tidleg på plass og fekk oppleva Ullevaal-stemminga på eit nesten fullsett stadion. I trengselen på heimvegen kom me på feil bane og kom litt seint heim. Men det gjekk bra til slutt.

NORWay CUP, framh.

SOSIALE AKTIVITETAR

Då me var ute av cupen kunne me gjera kva me ville dei siste dagane før me skulle ta flyet heim. Då vart det bading både i Frognerbadet og i Tøyen-badet, turar i sentrum, i tivoli, til slottet m.v. Kjekkast var det vel då me var i Teknisk Museum. Det var også masse aktivitetar på Ekeberg-området.

Og så var me med som publikum i eit NRK Norway-Cup show frå eit fjernsynstelt på Ekebergsletta. Til og med på Bokn hadde foreldre og søsken sett våre blide fjes på TV-ruta.

Det var også høve til å sparka fotball på ein bane der me budde. Og

leiarane måtte vera med, og det gjekk hardt utover dei som verken hadde kondis eller trening.

FLEIRE BOKN-SPELARAR

I tillegg til boknalaget som var med i turneringa, var det 4 andre frå Bokn som spela i Norway Cup. Det var Monica Lindanger og Kirstin Hosaas som var med på Haugar sitt småjentelag, og Glenn Taraldlien og Erlend Nygaard som var med på Haugar sitt småguttelag. Desse laga gjekk vidare til A-sluttspelet, der guttelaget tapte i 32-dels finalen og småjentene tapte i 16-dels finalen. Det var likevel ein flott innsats å koma så langt i denne samanhengen.

Ned. rad frå venstre: Lars Morten Kro, Lars Martin Hosaas, Sven Erik Grønnestad, Sveinung Sæbø, Alexander Vila, Torstein Alvestad, Roy Alvestad.



MINNEORD

Lars Søndeland er død, 89 år gamal.

Foreldra hans var Augustin Søndeland og Ragna, f. Nedrebø. Lars var fødd i 1907, som nr. 4 av ein søskenflokk på 12.

I ung alder reiste Lars til sjøs. Lars har fortalt at då han var 17 år gamal og var til sjøs, fekk han ei jarnstang over ryggen, og vart liggjande ½ år på Haukeland sjukehus. Etter behandling og trening kom han seg fram ved hjelp av støtte. I seinare år vart han dårlegare til beins.

Han var likevel i ung alder med på fiske, m.a. som kokk. Seinare også frå eigen båt heilt opp i høg alder. I 1946 vart Lars gift med Astrid. Ho var enke, og hadde eitt barn.

Med hjelp frå ektefellen, sykkel og seinare moped kom han seg til sjøen og ombord i båten og dreiv fiske, sjølv om han var betydeleg fysisk funksjonshemma. I dag vil nok mange seia at det var utruleg at det kunne gå an. Men Lars fann løysingar. Han hadde stort pågangsmot og treivst med arbeidet sitt. Han kunne ikkje tenkt seg å sitja inne.

Lars var eit levande og interessant menneske som det var gildt å koma til. Han var ein gledesspreiar trass i funksjonshemminga, og han hadde eit godt lag med ungar. Kona Astrid døydde i mai i år.

Attlevande er Astrids barnebarn og oldebarn i USA, og 4 søsken, 2 av desse også i USA.

LÆRLINGAR OG FAGBREV

I Bokn kommune er det for tida 3 ungdomar som får læretida si i samband med at dei skal gå opp til fagprøve seinare. To av desse er frå Bokn, og faga er barne- og ungdomsarbeidar og omsorgsfag. Ein tredje ungdom frå Karmøy er lærling i omsorgsfag.

Elles har to vaksne kommunalt tilsette gått opp til fagprøve i barne- og ungdomsarbeidarfag og faget kokk/institusjon. Ein tredje kommunalt tilsett vaksen person er i ferd med å opparbeida praksis i barne- og ungdomsarbeidarfag med tanke på fagrøve neste år.

**OPNINGSTIDER VED
BOKN
FOLKEBIBLIOTEK:**

**TYSDAG: kl. 10.00 - 13.30
ONSDAG: kl. 16.00 - 19.00
TORSDAG: kl. 10.00 - 13.30**

INNBRØTSALARM BLIR MONTERT VED BOKN SKULE OG BOKNATUN

Bokn formannskap vedtok i siste møte å løyva kr. 30.100 til innkjøp og innstallasjon av innbrotalarm til Bokn skule og Boknatun. Årleg abonnement er på knapt kr. 5.000.

Sjølv om prisen kan synast høg, kan det vera mykje å spara dersom alarmen kan hindra innbrot. Dei siste åra har det vore fleire innbrot,

m.a. i helseavdelinga på Boknatun. Med ein eigenandel på forsikringa på kr. 10.000 for kvart innbrot, og mykje ekstraarbeid og øydelagde ting, har dette etter kvart blitt eit problem.

Det har vist seg frå andre stader at ein innbrotalarm har medverka til å førebyggja nye innbrot.

NYTT FRÅ BOKN BYGDEUTVIKLING

Det er nå danna grunneigarlag for Arsvatnet. Dette betyr at ein nå må kjøpa fiskekort for å fiska der. Fiskekortet kan ein kjøpa på Arskroen Kiosk & Kafe. Kortet

kostar kr. 20,- for eitt døgn, kr. 50,- for ei veke og kr. 200,- for eitt år. På same staden kan ein og få leiga båt og kano som begge er plasserte ved vatnet.

PRIVAT BUSTADUTBYGGING PÅ ØYREN?

Bokn formannskap har stilt seg positiv til at utbygging og innløyising av det regulerte bustadfeltet på Øyren på austsida av Boknasundet blir ivarettatt av eit samarbeid mellom eit

privat utbyggingsselskap, grunneigar og Bokn kommune. Administrasjonen skal leggja fram eit forslag om vidare framdrift i denne saka.

MILJØVERNLEIAREN ER SLUTTA

Miljøvernleiaren i Bokn, Olaug Askeland, har sagt opp stillinga si og slutta. Ho er flytta til Ullensvang kommune i Hardanger.

Olaug Askeland har arbeidd som miljøvernleiar i Bokn frå januar 1993.

Dødsfall

Ole Midtvåge døydde den 21.06.96, 93 år gamal. Han var lærar i Bokn frå 1947 til 1956, og mange i Bokn kjenner han. I seinare år budde Ole Midtvåge ved Hordnestunet i Bergen.

TORLAND BUFELLESSKAP

DET ALTERNATIVE OMSORGSTILBODET FOR BARN OG UNGE ER STARTA OPP

Full aktivitet ute og inne var det som møtte bygdabladet sin medarbeidar på Torland i slutten av august. Jan Sollid handerte jernriva i grusen på tunet, og dei andre medarbeidarane dreiv elles på med å få nødvendige ting på plass.

TILBYGG

Dagleg leiar for bufellesskapet, Ove Alvestad, håpar at det ikkje går for lang tid før tilbygget på austsida av huset står ferdig. Grunnarbeidet er ferdig, og dei ventar nå berre på snekkarane. Dette tilbygget skal ha ein ekstra inngang med vaskerom, bad og 2 soverom.

OPPSTART

Då bygdabladet var på vitjing var ingen av dei første barna eller ungdomane komne til Torland. Ove seier imidlertid at frå september ventar dei at det etter kvart skal fyllast opp med dei fire som skal koma og bu der. Dei som nå er tilbydd plassar er i alderen 12 - 14 år, og det kan bli både gutar og jenter. Alle er frå Rogaland.

HEIM

Bufellesskapet vil så langt det lar seg gjera fungera som ein heim for dei som skal bu der. Dei 4 tilsette utanom dagleg leiar skal arbeida i ein slags turnus kor to og to areider

annakvar veke og har fri annakvar veke. Når dei er inne i arbeidsveka, skal dei både arbeida og bu på Torland. Dei tilsette vil bli barna og ungdomane sine "foreldre" i desse periodane. Bokn skule vil ha undervisningsansvaret for dei elevane som er i grunnskulealder i samråd med omsorgskommunen (den kommunen barna kjem frå).

ØKONOMI

Stiftelsen Torland Bufellesskap inngår ein avtale med Rogaland fylkeskommune som kjøper plassane til ein fast pris. Dette er det som gir det økonomiske fundamentet for bufellesskapet. Fylkeskommunen har ikkje noko driftsansvar. Ove Alvestad leiger garden ut til stiftelsen, og er dagleg leiar for bufellesskapet. Styret i stiftelsen disponerer ev. overskot som t.d. kan brukast til utvikling av tiltaket.

FAGLEG KOMPETANSE

Utanom dagleg leiar Ove Alvestad som er førskulelærer med vidareutanning og praksis innafor barnevernsarbeid, er dei andre fire medarbeidarane nå tilsette. Desse er: Elin Thorsen som har praksis som barnevernkurator og snart er ferdig utdanna sosionom, Dag Monsen som m.a. har praksis innafor ungdomsinstitusjon, og som snart er

TORLAND BUFELLESSKAP,

framh.

utdanna sosionom, Jan Sollid med utdanning og praksis som lærar, og den siste som er tilsett er nå på plass. Det er Liv Jorunn Skippervik som er nyutdanna sosionom. Til saman skulle dette representera ei gruppe med god fagleg kompetanse og praksis innafør området.


Det faglege ansvaret er delt i og med at bufellesskapet er kome inn under den fylkeskommunale barnevernplan. Det blir difor eit samarbeid mellom fylkeskommunen, omsorgskommunen og bufellesskapet.

Stiftelsen har eit styre kor gardeigaren er representert saman med 1 representant frå dei tilsette, og ein frå fylkeskommunen.

KVA NÅ?

Torland Bufellesskap er akkurat i oppstartingsfasen. Dette er ein utradisjonell måte å driva eit slikt tiltak, og det vil kreva mykje av dei som skal arbeida så tett innpå kvarandre. Dagleg leiar seier til bygdabladet at han håper folk kjem til dei dersom det er noko dei reagerer på eller lurar på. Dei barna og ungdomane som kjem til Torland Bufellesskap har nok opplevd meir enn andre på deira alder, og ein ynskjer at dei - ved å veksa opp i ein god omsorgssituasjon - skal kunna få ei god utvikling.

Ove seier at dei gledar seg til å ta fatt, og at dei er oppmuntra av den positive responsen dei har fått frå fylkeskommunen, kommunen og frå folk flest.



FASADE MOT SØR

SOMMARMINNE FRÅ 2-KLASSINGANE

SOM TIDLEGARE ÅR VIL 2.KLASSINGANE OGSÅ I ÅR FORTELJA
LESARANE LITT OM KVA DEI HAR OPPLEVD I SOMMAR. LES BERRE
HER KOR GILDT DEI HAR HATT DET:

Sommar-minne

EG VA PÅ telttur. å bada
Eg va i sommarland i Bø
Eg har vore i dyreparken

irene 8 år

Sommar-minne. Eg har vore Hos
mormora mi og bada.
Eg har vore i oslo og set på Hester
og me sov i cepingbil.

EMILIE 8 ÅR

Sommar-minne.

me var i Kristiansan
me var i Koparvik
me bada

HELSEN ODD KENNETH


Sommar-mine me har bada mase
og me va på sommar-feri i langesund
me va på telt tur me har de kjekt i
somar ferien. eg bada i langesund
me har sykla tur

Veronika S 8 år

Sommar - minne

Vi Har vore i kristiansa dyreprk å
itepå va vi i ei Hute. Å så vi julius å
itepå så vi Kaptein Sapltan.

Veronika - 8 ÅR



Sommar - minne

i sommar VA ME i TUSENFRYD.
EG TOK BERG OG DAL BANE.

JAN TORE 8 ÅR

SOMMAR - MINNE


Me har våre i seljor
der møte eg vener eg hade det kjekt
me har vore i badelan og bada
de var kjekkt.

Merete 8 år

sommar - minne

Me har vore i somarlan
eg Har ronne i ei Lang sklie

Hlsn Rebecca 8 ÅR



malårka å eg har bada mase og eg
har solt meg mase

Caroline - 8 ÅR

Sommar-minne

me va i flekefjor og me hr vore i
kristiansan og me hr vore i DyrehaGn
og Me va på røver og EG å MaGne
har låGe i telte

bjarne 8 år

Sommar-mine

Eg har vert i HUNDERFOSEN Der
kørte eg ein merseders ig det var gøy.

EIRIK 8 ÅR

Sommar - minne

Eg har vore på barnas hotel
Og Eg har vore på sirkus
Og Eg har vore på kvitsøy
Og Eg har vore på bømlo og DE var
kekt på kvitsøy lekte eg me Lisbeth
Eg lekte me geirmagne
Eg fekk ein kattoge

LISBETH 8 ÅR

Sommar minne eg har vore i
NORNORGe eg Har vore På bsøk
os bestemor og var os store bror

ALEXANDER 8 ÅR

Sommar-minne


Me va i Nissedal å me tok kabl farja
Å me va å bada
Å eg va me i fjosn

Tom 8 ÅR

Sommar - minne

Me var i lysebotn.
Det kjøpte me is

Anita 8 ÅR



SOMMARKAFEEN I SJØHUSET GJEKK GREIT MEN VERET DEMPA BESØKSTALET

Både det sure sommarveret i juli måned, pluss ei noko varsam marknadsføring frå starten av, var nok med og dempa noko av interessa for sommarkafeen på sjøhuset i Alvestadkroken.

Næringskonsulent Stein Alendal i Bokn kommune som har vore med på arbeidet med opplegget for gruppa Bygdekjøken i Bokn Bygdeutvikling, seier til bygdabladet at rekneskapen for sommarkafeen går nokolunde i balanse. Då er leige, løningar og andre driftskosnader dekkja. Med betre planlegging og marknadsføring meiner Alendal at det ved eit seinare høve bør vera muleg å tena pengar på eit tilsvarande sommarkafe.

Ei tid etter starten fann ein ut at dei 4 skuleungdomane som dreiv kafeen

måtte vera nøye med planlegginga av menyar, kostnader og behov for personale i forhold til kor mange gjester dei meinte var ventande på dei ulike vekedagane. På den måten lærte dei fort korleis dei skulle leggja arbeidet opp for å få kafeen til å gå med balanse. Ungdomane gjorde etter kvart ein flott jobb både med

planlegging og den daglege drifta, og Alendal seier dei har gitt uttrykk for at dei kan tenkja seg å driva det også neste år.

Alendal berømmer også kokkane Johannes Nilssen og Gunnar Bokneberg som har gitt faglege råd, pluss eigarane Steinar og Ingebjørg Alvestad.



PÅ FOTBALLSKULE

Bjørn Thuestad gjekk både i fjor og i år på Hallvard Thoresens fotballskule i Stavern i juni.

Her eit bilete frå juni 1996 i lag med tidlegare landslagstrenar thor Røste Fossen på v. side og Molde/landslagsspelar Petter Rudi på h. side.

Kjøp AMS nå !
(Aksjesparing med Skattefradrag)
15 % skattefradrag

Gjennom Vesta tilbyr vil følgende aksjefond :

Fond	Avkastning Siste 12 mnd (pr. 29.august)	Avkastning hittil i år (pr. 29.august)
Vesta AMS	29 %	24 %
Vesta Grønt Norge	43 %	11 %
Vesta Aksjefond Norge	35 %	15 %

*) Forskjellen i avkastning kan skyldes markedets utvikling, ulikt risikonivå eller forvalters dyktighet. Historisk avkastning er ingen garanti for fremtidig avkastning. Den faktiske avkastningen en andelseier i fondet får i fremtiden, er avhengig av aksjemarkedets utvikling, fondets provisjoner og forvalters dyktighet. Maksimum tegningsprovisjon vil være 3 %, men vil være avhengig av beløpets størrelse. Innløsningsprovisjon vil være 1 %. Årlig forvaltningshonorar vil være 2 %. Avkastning siste 4 år pr. 29.8.96 212 % for Vesta Grønt Norge og for Vesta Aksjefond Norge 185 %.

Kontakt oss på tlf. 52 73 10 60 eller telefax 52 73 10 69

Vesta Salgscenter Haugesund a/s

Representant for Vesta, konsesjon fra Kredittilsynet for salg av fondsprodukter.





BUSTADTILSKOTT TIL ETABLERING I BUSTAD

Tilskotet skal hjelpe vanskelegstilte grupper med svak økonomi til å få ein nøktern og funksjonell bustad med overkomelege kostnader.

Følgjande grupper kan søkja:

- Fysisk og psykisk funksjonshemma med svak økonomi
- Særleg vanskelegstilte husstandar
- Unge i etableringsfasen

Øvre inntektsgrense for ein einsleg person er ca. 140.000,-.
Inntektsgrensa blir sett opp med ca kr. 20.000,- for kvar husstandsmedlem.
Med inntekt meiner ein løn, pensjonar, bidrag og barnetrygd.

BUSTADTILSKOTT TIL TILPASSING AV BUSTAD

Tilskotet skal hjelpe vanskelegstilte grupper med svak økonomi, t.d. eldre og funksjonshemma, kan få ein bustad som over tid fungerer godt i forhold til bevegelsesvanskar eller annan funksjonshemming.

Tilskot kan gis til husstandar der minst eitt medlem er :

- a) funksjonshemma
- b) eller over 60 år

Tilskotet kan gis både til oppføring av ny bustad - til utbetring av bustad eller til kjøp av bustad.

Tilskotet er behovsprøvd. det vert gjort ei vurdering av søkjaren sitt spesielle behov for tilpassing av bustad, og av familien sin samla økonomi.

Søknadsskjema for begge ordningane kan ein få ved Bokn sosialkontor,
tlf. 52 74 85 00.

Søknadsfrist: 01.10.96

LEILIGHET TIL LEIE I NYTT HUS i Føresvik boligfelt nord. Innfl. klar oktober/november.
Tlf. 52 74 84 72 e. kl.18.00.

Fin kvit langhåra pusekatt ca.8 veker gis bort. Tlf. 52 74 85 59

FORELDREFØREBUANDE KURS / SVANGERSKAPSKURS

Helsesøster planlegg å arrangera kurs hausten 1996.
Interesserte kan ta kontakt med helsesøster - tlf. 52 74 85 00 (treffest lettast måndagar).

BOKN FYSIOTERAPI

Geir Austvik
tlf.52 74 85 00

Åpningstider:
onsdag og annankvar laurdag

- Lær avspenning
- Lær gode arbeidsstillinger
- Reduser muskelspenningar
- Få mindre smerter

Ta gjerne direkte kontakt

BARNETRIMMEN startar tysdag den 10.september. Alle er velkomne.

BRIO SPORTSVOGN -92 Modell selges.

GULVBELEGG parkett-mønster, 2 m. bredde. 90m². God kvalitet. Nypris kr. 126 pr. m². Til salgs kr. 9.000,-. Tlf. 52 74 86 48



NORGESMARSJEN

Bokn Idrettslag er med på NorgesMarsjen der me går for kreftsaka.

Laurdag den 14. september kl. 15.00 frå Bokn skule startar marsjen. Møt opp og støtt ei god sak!

FEIING AV PIPER

Huseiere som ønsker feiing av pipa kan henvende seg til Edvin Øvrebø innen den 20.09.96 - tlf. 52 74 85 90

Brannsjefen

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune,
4290 Bokn, tlf.52 74 85 00
fax 52 74 86 90

Postgirokonto 0806 5 68 45 01
Bankgirokonto3373 07 00305

BYGDABLADNEMND:

Arvid K. Jøsang, Eli Kro
Reidun Grønnestad

REDAKTØR: Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn
Utanbygds: kr. 100,- pr. år

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300,-
Halv side: kr. 150,-
¼ side: kr. 75,- 1/8 side: kr. 50,-
Små privatannonsar: kr. 10,-

FRIST FOR STOFF:

Den 20. kvar mnd. 10 nr. årleg

ARRANGEMENT:

- 07.09: Kanohaik for RR-laget og speidartroppa si førarpatrulje
08.09: Bedehusfest, NMS kl. 19.00
10.09: Leirbålkveld for heile bygda på Are - Arr: 1. Bokn KFUM/ Bokn 1. KFUK
14.09: NorgesMarsj for kreftsaka. Start v/ Bokn skule kl.15.00 Arr: Bokn idrettslag
17.09: Indremisj. har utlodning på bedehuset kl. 19.30
19.09: BINGO! Arr: Bokn musikkorps
21.09: RR-laget har rekefest for rangerar og roverar på Haugalandet
21.09: Bedehusmøte, Blå Kors kl.19.30
27/28: Ulve- og meisetur til leirstaden Søljehaug
29.09: Natursti til Sandvika. Arr: Bokn hagelag

LENSMANN

*Første fredag i kvar mnd.
kl. 10.00 - 12.00 i Boknatun*

LANDBRUKSKONTORET

Kvar fredag kontordag i Boknatun

Ordføraren er å treffa på Boknatun torsdagar mellom kl. 12.00 - 15.00



- 15.09. kl.11: Gudsteneste v/ Arne Aurdal.
Konfirmantpresentasjon. Offer til soknerådskassen.
29.09. kl.11: Gudsteneste v/ Helge Gaard. 50-års konfirmantar.
Offer til NLM.

FOTTERAPI

Kvar onsdag. Påmelding i tlf. 52 74 82 95 - Rita Jensen

HELSESTASJONSDAG

Måndagar 9 -11.30.

Elles etter avtale.

Marie Løvoll Faye

helsesøster



TORSDAGS-TREFFET

På torsdagstreffet i Allrommet den 5.september vil firma Stenvaag Jensen A/S selja dame- og herre klær.

Kjekt å være på utlån til Haugar

FOTBALL
MAGNE HØLLELAND

Kjekt å være i Norway Cup og på utlån, er Bokn-guttene på Haugar småguttelag.

Vi fikk to lag til A-sluttspillet. Någuttene tapte i 32-delsfinalen, mens småjentene røk ut med 0 for Ranheim i 16-delsfinalen, niordamene kom ikke til A-sluttspillet. Det hadde vi heller se ventet. Slik oppsummerer Haugar-formannen Lars Otto Grindheim klubbens innsats i Norway Cup.

For to av spillerne i den blå jakten ble verdens største fotballturnering en ny og spesiell plevelse. Spissen Erlend Nygaard og keeper Glenn Taraldsen spiller nemlig for Bokn i se-

rien, men var utlånt til Haugar for Norway Cup.

- Vi hadde litt få spillere til småguttelaget og siden Bokn ikke skulle stille lag i denne klassen fikk vi låne de to spillerne, forteller Lars Otto Grindheim. Grunnen til at nettopp disse to ble plukket ut var at småguttene trener tidligere har trent Bokn. Og det var ingen tvil om at de to var fine forsterkningen. Nygaard scoret tre mål, mens keeper Glenn spilte stort i mål og presterte til og med å redde et straffespark to ganger. Først tok han skuddet og deretter returen.

- Det har vært kjempekjekt, både å spille for Haugar og være med i Norway Cup, sier de to beskjedne Bokn-guttene.

Ødela foten like før avreise
Spissen på Koperviks småguttelag, Torbjørn Kristiansen (sønn



Kjekt å være med i Norway Cup med Haugar, sier Bokn-spillerne Erlend Nygaard og Glenn Taraldsen. Foto: MAGNE HØLLELAND

av Koperviks og Vards tidligere så farlige og raske goalgetter Rune Kristiansen), må karakteriseres som en av sommerens mest uheldige. I stedet for å danke inn mål i motstandernes nett, som han gjør så ofte hjemme, følger han kampen fra sidelinja på krykker. Torbjørn hadde trent mye og gledet seg lenge til å gjøre en god innsats i Oslo. På vei hjem fra siste trening skjedde hellet:

- Jeg trådte over, forteller den beskjedne 14-åringen som likevel fikk være med på turen til Oslo. Men det var fotball han helst ville spille.

I Torbjørns fravær fikk KIL-laget problemer med å score, men gjorde likevel en bra innsats. Det ble tap i kvartfinalen i B-sluttspillet, mens guttelaget gikk til 32-delsfinalen i A-sluttspillet.

